

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Nordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bømlo

Emne :

Bygdelag :

Oppskr. av: Johs. Tvedt.

Gard: Vorland

(adresse): Bømlo

G.nr. 59 Br.nr. 36

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

Sp. 1. I vår bygd seier dei: Bål.

2. Ja, me seier: Jonsok-bål og Olsok-bål. Men har t.
d. gutungar revet lyng og sett fyr på, så seier
me: Det er eit lyngbål.

3. Nei, det vert sagt, eit stort eller lite bål .

T i d a .4. Nei, ein veit ikkje av at det har voret brent bål
utandørs i julehelga.

5. Nei, "Julelog" er ukjent her.

6. Nei, ein brende aldri bål i påskehelga.

7. Nei, dei gjekk for å sjå sola dasa, men det vart
ikkje tent bål.

8. Om dei brende bål

a. Jonsok-kvelden - Ja

b. Pentse-afta. - Nei

c. Syftesok- kvelden - Det hende for
50 år sidan, men ikkje årvisst. No
hender det ikkje.d. Olsok-kvelden. - Det hender sume
år, om det er godt ver.

9. Nei, det er ukjent.

10. Nei.

11. Fell bort.

12. Jonsok-bålet vart tent i 12- (24) tida kring hun-

dra-årsskifte (1900), men no tender dei når det mørknar
(i $\frac{1}{2}$ 24 - 24-tida)

Sp. 13. Kring 1900 brende me heile natta (fururøster me tok i myr), men no brenn dei helst lyng og brakje, som siste vika er bygd opp til ein høg varde. Og det kan ta ein times tid for det vert oppbrent.

S t a d e n .

14. Ja, På Vorland brende dei før og no på toppen av Mortensfjellet (det er nordre enden av Kirkefjellet)

15. Dei brende på same staden.

16. Dei brende ikkje på kvar gard. Men fleire gardar slo seg saman. Der vart brent på Stølshauge, (av Vespestad og Vold) Middagsvarden (av Lønning, Luten og Bømmelhavn) o.f.

17. Nei, det er ukjent.

Dei som steller med bålet og tenner det.

18. Nei, ikkje alle, men mange er med. Det er helst unggutar, som lagar bålvarde. Men den kvelden bålet skal tendast samlar det seg born og vaksne av alle aldrar og er med.

19. Ja, sjå sp.18.

20. Ein kan seia at borna er først og sist, men (som før nemnt) er det og mange vaksne som tek ut i den vene sumarkvelden.

21. Nei, det har ikkje hendt.

22. Nei, her er ikkje fabrikk-eigarar.

K o r l e i s d e i b y g d e b å l e t .

23. Nei, nokon grue av stein er ikkje bruka. Bålvarde vart bygd på nakne fjellknausen.

24. Ein brenner det ein kan få tak i. På Vorland brende ein før mykje fururøster. No er det lite att av fururøster, og dei har måtta brenna lyng og brakje og om dei får tak i ei tjæretønna eller ein gamal båt.

25. Nei, ikkje figurar. Ein bygde varden så høg ein kun-

ne og tende i toppen.

K o r l e i s d e i f e k k b å l - v y r k e .

26. Det var ikkje vanleg å kjøpa bålvyrkje. Dei fekk tjøretønna av handelsmannen. Og dei som leverte ein gamal båt til jonsokbål tok aldri betaling.

27. Nei, det var ingen regel for det.

28. Nei, stela gjorde ein ikkje, dei fekk alltid det ein spurde om til bålet.

29. Fell bort.

30. Fell bort.

K o r l e i s b å l e t s k u l l e v e r a .

31. Nei, det var jonsok-bålet som var størst og som samla mest folk. Ved Syftesok og Olsok er der mest ungar(born) som er med, - og dei brenn mest berre nokre lyngkvister.

32. Ja, dei snakka alltid om kor det største bålet var.

33. Ja, det var om å gjera å ha stort og sterkt lysande - og lenge varande bål.

34. Nei, det var ingen stas med eit stor-rykande bål.

Det hende at ungar kunde laga seg eit lite bål av brakje og fuktig mose, som rauk noke voldsomt - særleg om dei skvette vatn på.

35. Det var ikkje om å gjera at det spruta gneistar, men det hende at unggutar kunne ta ein kjepp og slå til ein brand(brennande stykkje) så det spruta gneistar. (berre for moro).

K v a b å l e t s k u l l e t e n a t i l .

36. Noko overtru i så måte kjenner eg ikkje til.

37. At elden eller røyken skulle verna krøtura mot trolskap har eg heller aldri høyrte gjete.

38. Nei, tvert om, ein fekk ikkje lov til å ta brandar og kasta.

39. Det er nok ikkje vanleg å ta noke å ta noko varsel.

Men då eg var gutunge (i 1890-åra) høyrde eg rett nok ei gamal kona sa: "Sjå flammen kor han tøyser seg mot Ester? Ho kjem nok til å verta trulova før nes-

te Jonsok."

S j ø l v e f e s t e n v e d b å l e t .

40. Nei, noko særst namm på festen var (og er) det ikkje. Sankt-Hansgilde eller Jonsok-våka vart sagt. T. d. Skal du på St.Hansgilde - eller Skal du vera med å vaka Jonsok?

41. Nei, det me veit, har det vore som no det er.

42. Ved 1900-årsskifte var det vanleg at nokre ungdomar var ved bålet heile natta til om morgonen, då mor kom og malka kyrna. No er det slutt i 2-tida.

43. I eldre tider hadde dei dravle og lefse med seg - og kanskje ei krus øl. Dei som brukte dram tok den i godt lag heime.

Det var grannar, kjenningar og nabofamiliar som kosa seg saman - ikkje berre gutar og jenter. Eg har aldri set nokon berusa i jonsokgilde.

44. Dei kunne ikkje dansa rundt bålet, for det stod på ein fjelltopp (det var uført), men gutar og jenter gjekk gjerne til ein låve og dansa, når dei eldre gjekk heim.

45. Nei, det har eg aldri sett eller høyrte gjete.

46. Det kunne henda at gutungar sprang gjennom røyken for moro.

47. Nei, det har eg ikkje høyrte nono om.

48. Nei, noko særst skikkar eller truer i samband med bålrensing, som ikkje er nemnde, har eg ikkje høyrte noko om.

S k i k k e n i d a g .

49. Folk flest, trur eg, har ikkje noko meining med bålrensinga. Dei likar å koma saman til ei kosetund (ut i frå kvardagsslitet) den vene sommarkvelden. Og det er oppgåve god nok: Å koma saman med vener og kjenningar - koma i feststemning. Det har uvurderleg mykje å seia for velvere. Så eg vil vona at samkoma til jonsok-gilde må halda fram.

50. Ja, så langt fråsegn går attende. Eg kan minnst dei

siste 70 år, og framføre har heller auka enn minka .
Rettast er vel å seia, at det har halde seg konstant,
for her er fleire folk no.

51. Sjå sp.50.

XXXXXXXXXXXXX "XXXXXXXXXXXX" XXXXXXXXXXXXX